



MØTEBOK

Tidspunkt: Torsdag 27 februar 2018 kl 1800

Stad: Akademiet

Desse møtte:

Jarle Nordjordet, Marit Jortveit, Halvor Fehn, Marit Kåsa, Tor Aage Dale

Meldt forfall:

Andre til stades på møtet:

Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet:

Sak 01/18: Referat og meldingar

Sak 02/18: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2017

Sak 03/18: Orientering om økonomi, langtidsbudsjett

Sak 04/18: Regulering av prisar for 2018

Sak 05/18: Budsjett for 2018

Sak 06/18: Høyring på fjerning av Hjorteviltforskrifta § 30

Sak 07/18: Reinsjakta 2018

Sak 08/18: Rjupejakt 2018

Sak 09/18: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Sak 10/18: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Marit Jortveit/s/ Jarle Nordjordet/s/ Halvor Fehn/s/

Marit Kåsa/s/ Tor Aage Dale/s/

Sak 01/18: Referat og meldingar

Saksdokument:

2018.01.04-001.5.Utvalet-Fredningssoner 2013 2017 oppsummering SEL

2018.01.31-001.1.MDIR-Høring - forslag om å oppheve hjorteviltforskriften § 30

2018.02.13-011.3.NFS-høring villreinkort

Saksutgreiing:

Forslag til vedak:

Referat:

Gjennomgang ved sekretær. Ingeng merknader til møtebok.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 02/18: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2017

Saksdokument:

Rekneskap for 2017

Balanse 2017

Årsmelding 2017

Uttale frå leiinga til Telemark kommunerevisjon

Sakssutgreiing:

Rekneskapen for 2017 syner eit overskot på kr 21835,94. Budsjettet for 2017 var gjort opp med 26000 i pluss. Totalt sett har ein truffe bra på driftsåret 2017.

Rekneskapen er sendt til revisjon, men er ikkje kome attende her enno.

Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang av årskrekneskapen ved sekretær.

Styret har ikkje merknader til rekneskapen eller årsmeldinga.

Vedtak:

Styret godkjenner framlagde årsmelding og rekneskap for 2017 med atterhald om revisors godkjenning.



Sak 03/18: Orientering om økonomi, langtidsbudsjett

Saksdokument:

Langtidsbudsjett for Rauland FS (leggst fram på møtet)

Sakssutgreiing:

Økonomien til Rauland FS har ein nøyse samanheng med kvotestorleiken på villrein på Hardangervidda. Ein har dei seinare åra hatt relativt store kvotar og derfor stor inntekt. Det har og vore avgjerande for økonomien at ein har hatt avtaler med Ulvik Fjellstyre om kjøp/overføring av kort som kan selgjast til utanbygds. Det er her overskotet og investeringsmidlane til Rauland FS har lege.

Slik det ser ut no er det mykje som tydar på at me går inn i ein periode med relativt låge kvotar.

Fjellstyret bør derfor ta nokre grep for å justere økonomien i høve dette. Det er svært få kostnader som er justerbare for fjellstyret då drifta allereie er svært nøktern.

Det vil derfor vere inntektssida som bør justerast. Rauland FS har ikkje justert prisane på hytteleige eller fiske dei seiste 10 åra. Her bør det vere noko å hente.

Sakshandsamar legg fram langtidsbudsjett med investeringsbudsjett på møtet for å synleggjere kva for utslag ulike modellar vil gjere. Det er ynskjeleg med ein god gjennomgang av langtidsøkonomien i fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang av langtidsbudsjett ved sekretær.

Dette syner underskot i fleire år framover dersom kvoteutviklinga vert som forventa. Likviditeten til fjellstyret vil gå ned før det stabiliserar seg i slutten av perioden.

Det er semje i styret om at ein må vere forsiktig med pengebruken og at ein ikkje gjer investeringar av vesentleg grad i åra som kjem.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 04/18: Regulering av prisar for 2018

Saksdokument:

Gjeldande prisar

Prisrammer, forskrifta

Sakssutgreiing:



Hytteleige:

Hytteleiga er i dag 150,- for utanbygds og 50,- for innanbygds. Slik prisane er i dag går fjellstyret med tap kvar gong ein innanbygds skal overnatte. Det går meir i ved, gass og kostnader til bokføring av bilag enn det dei betalar for overnatting. Rauland Fjellstyre har svært billig overnatting samanlikna med dei andre fjellstyra på HV. Vinje kommune har no 200,- pr natt pr pers både for innan- og utanbygds. Rauland FS har bevisst hatt ein lågare pris for innanbygds då hyttene for ein stor del er bygd på dugnad. Dette gjeld og drift av hyttene. Sakshandsamar vurderar det slik at ein bør kunne gå opp til 100,- for innanbygds og 200,- for utanbygds i inneverande år. Så bør ein sjå på prisjusteringar i tråd med KPI for framtida.

Fiske:

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga. Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:

Dagskort: 100,-

Vekekort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Rauland FS med på fellesordning saman med Vinje HG. Her kostar årskort 500 og 10 dagarskort 250.

I dag har Rauland FS desse prisane: dagskort: 60,- vekekort: 100,- og årskort 300,-. I utgangspunktet meiner sakshandsamar det ville vere fornuftig å nytte pristaket på fiskekort, men ein bør harmonisere prisane mot fellesfiskekortet. Det vil vere rart om fiske på Rauland SA skulle vere dyrare enn fellesfiskekortet. Ein vil derfor tilrå desse prisane frå og med inneverande år.

Dagskort: 100,-

Vekekort: 250,-

Årskort: 500,-

Prisane er like for innan- og utanbygds, men innanbygds kan i tillegg fiske med 5 garn med fri maskevidde dersom dei kjøper årskort.

Småviltjakt:

Gjeldande prisrammer i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske.

Dagskort: 250,-

5 dagarskort: 1000,-

Vekekort: 1400,-

Sesong: 2300,-

Rauland FS sine gjeldande prisar:

3 dagarskort: 500,-

Vekekort: 1000,-

Sesong: 1700,-



Her set forskrifta rammer for kva for korttype som må tilbys. Dette er dagskort, vekekort (5 eller 7 dagar) og sesongkort.

Sakshandsamar tilrår derfor å endre tilbodet på småvilt til dagskort, vekekort og sesongkort, samt å endre til desse prisane:

Dagskort: 250,-

Vekekort: 1400,-

Sesongkort: 2300,-

Halv pris for innanbygds.

Villreinjakt:

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr: 6500,-

Simle/Ungdyr: 3400,-

Kalv: 1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr: 4400,-

Simle/Ungdyr: 3000,-

Kalv: 500,-

Prisane har vore uendra i 5 år.

Sakshandsamar tilrår ei forsiktig auke i prisane i år for å halde tritt med kostnadsnivået elles.

Forslag til nye prisar for inneverande år:

Fritt dyr: 4800,-

Simle/Ungdyr: 3200,-

Kalv: 1200,-

Halv pris for innanbygds.

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre fastset nye prisar frå og med sesongen 2018 i tråd med forslag i saksutgreiing.

Referat:

Hytteteige:

Halvor Fehn: ikkje stemt for å auke prisane då det kanskje vert færre som betalar.

Det er og viktig å ha billig overnatting når hyttene er drifta på dugnad.

Dei andre medlemene ser problemstillinga, men meiner prisen bør kunne aukast då dagens pris ikkje gjev kostnadsdekning.

Kort ordskifte.

Fisk:



Det vert diskusjon om kor vidt ein skal ta betaling for garnfiske for innanbygds eller om dette skal bakast inn i hytteleiga. (forslag frå Halvor Fehn)
 Styret stiller seg bak forslaget og ynskjer å auke prisane i tråd med forslaget, men endre regelen om garnfiske til:
 Innanbygds som betalar for overnatting på hyttene kan fiske med opptil 5 garn med fri maskevidde dei nettene dei betalar for opphald på hyttene.

Småviltjakt:

Styret samlar seg utan ordskifte om framlegget til endring av prisar.

Villreinjakt:

Styret samlar seg utan ordskifte om framlegget til endring av prisar.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre endrar prisane i tråd med tabell under.

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Rauland Fjellstyre				
pr 01.02.18				
Innanbygds			Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris		Fiske med stong	Pris
Dagskort	100,-		Dagskort	100,-
Vekekort	250,-		Vekekort	250,-
Årskort	500,-		Årskort	500,-
Småviltjakt			Småviltjakt	
Dagskort	125,-		Dagskort	250,-
Vekekort	700,-		Vekekort	1400,-
Årskort	1150,-		Årskort	2300,-
Villreinjakt			Villreinjakt	
Kalv	600,-		Kalv	1200,-
Simle/Ungdyr	1600,-		Simle/Ungdyr	3200,-
Fritt dyr	2400,-		Fritt dyr	4800,-
Hytteleige pr nått/person			Hytteleige pr nått/person	
100,-			200,-	
Dagsbesøk			Dagsbesøk	
20,-			20,-	
Born under 16 år:			Born under 16 år:	
Gratis hytteleige			Gratis hytteleige	
Garnfiske				
Innanbygds som betalar for overnatting kan i tillegg fiske med 5 garn med fri maskevidd.				

Vedaket er gjort med heimel i Fjellova §§ 23,24,25 og 28 og 29



Samrøystes

Sak 05/18: Budsjett for 2018

Saksdokument:

Budsjett for 2018

Sakssutgreiing:

Budsjettet er lagt fram med føresetnad om opning av småviltjakt og auka prisar i tråd med forslag i sak 04/18

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang av budsjettet.

Styret aukar budsjettet noko slik at fleire kan delta på kurs og samlingar i tråd med tidlegare praksis. Det er ikkje ynskjeleg å redusere tenestekjøpet på noverande tidspunkt, men ha dette oppe til vurdering for komande år dersom ein ser at det vert endringar i negativ retning i langtidsbudsjettet.

Vedtak:

Styret vedtek budsjettet for 2018 med endringar som omtala over. Budsjettet vert vedteke med 77100 i underskot.

Samrøystes

Sak 06/18: Høyring på fjerning av Hjorteviltforskrifta § 30

Saksdokument:

Vedtak frå handsaming i Fjellstyra på Hardangervidda as

Sakssutgreiing:

Viser til saksutgreiing gjort av FH as.

Framlegg til vedtak:

Rauland FS støttar forslag til uttale gjort av styret i FH as og stiller seg bak dette.

Referat:

Kort gjennomgang ved sekretær.

Styret har ikkje merknader til framlegget.

Vedtak:



Rauland FS støttar forslag til uttale gjort av styret i FH as og stiller seg bak dette.

Sak 07/18: Reinsjakta 2018

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Det er mykje som tyder på at ein i inneverande år vil få mykje lågare kvote enn det har vore dei seiste åra. Dei tre seiste teljingane viser om lag 7000 dyr på vidda før kalving. Historisk kan ein då forvente ein kvote på ca 3000 dyr. Dette kan bli både færre og fleire.

Uansett vil det bli lite kort i omløp. Dei seinaste åra har Rauland FS hatt avtale med Ulvik FS om kjøp/innbytte av kort. Desse har så vorte seld til utanbygds. I år vil ikkje Ulvik ha nok kort til at dette vil vere mogleg og avtala fell derfor bort. Rauland FS sit då att med eigne kort og dette vil bli om lag 25 kort dersom kvoten blir 3000.

Sakshandsamar vil derfor tilrå at ein ikkje sel kort til utanbygds i år då det vil vere stor etterspurnad etter kort for innanbygds.

Ein tilrår også å vidareføre alle andre reglar for reinsjakt som har vore vedteke tidlegare. Unntaket er at ein bør vurdere å justere opp prisen for overføring av kort. Ein tilrår å gå opp til 500,- pr innanbygds jeger og 1000,- pr utanbygds jeger.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

Det er brei semje i styret om å vidareføre tidlegare reglar for jakt.

Det er og semje om å gå opp på overføringskort og at det vert tillete overført kort frå heile Hardangervidda i 2018. Tor Aage Dale får eit særskilt ansvar for å administrere ordninga og avgrense talet på jegerar.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre vidarefører tidlegare vedtekne reglar for reinsjakt på Rauland Statsallmenning i 2018. Prisen på overføring av kort vert sett til kr 500 for innanbygds og 1000 for utanbygds. Prisen er pr jeger.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §§23,24 og 25

Samrøystes



Sak 08/18: Rjupejakt 2018

Saksdokument:

Ingen

Sakssutgreiing:

Etter fleire år med dårleg bestand av rjupe kan det no sjå ut til å vere ei betring på gang. Takseringar andre stader på vidda tyder på ein oppgang. Det same gjer observasjonar av Fjelloppsynet og andre.

Sakshandsamar vil tilrå at ei frå hausten 2018 opnar for rjupejakt på Rauland SA. Ein kan vurdere om ein skal legge tak på tal jegerar pr dag og vidareføre baglimit på 3 ryer pr jeger/dag.

Fjellstyret må og ta stilling til kva for dato ein skal opne for rjupejakt og kor lenge ein skal halde på.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret ynskjer utan ordsifte å opne opp for rjupejakt i år.

Halvor Fehn: Ynskjer å opne for jakt frå 20 september og ha lågt tal kort pr dag, førslår 20 kort/dag.

Marit Kåsa: meiner det er for mykje med 20 kort/dag. Er eining i opning fom 20sept.

Jarle Nordjordet: støttar forslaget til Halvor Fehn.

Tor Aage Dale: føreslår 15 kort/dag og opning fom 20 sept.

Styret samlar seg om forslaget til Dale. I tillegg skal det leggst ut 2 årskort.

Det vert vidare diskutert å vidareføre baglimit på 3 ryer/dag.

Forslag frå Halvor Fehn er å vidareføre dette samt å ha jakt ut februar.

Styret samlar seg om dette.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre opnar for jakt på rjupe hausten 2018.

Det skal vere tilgjengeleg kort for maksimalt 15 jegerar pr dag i tillegg til 2 årskort. Korta vert lagt ut for sal på Inatur.no 1 april.

Det skal vere baglimit på 3 ryer pr jeger pr dag. Ikkje tillete å samle opp.

Jakttid: 20 sept 2018-28/29 febr. 2019.

Vedaket er gjort med heimel i Fjellova §§ 23

Samrøystes



Sak 09/18: Orientering frå sekretær, aktuelle saker.

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

- Lovutval
- Vedlikehald hytter, status og prioritering i år
- Fjellrev
- Nytt frå dei andre fjellstyra på HV.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær.

Sekretær føreslår å utsetje planlagd vedlikehald med utskifting av stubbeloft til neste år. Styret seier seg samd i dette.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 10/18: Eventuelt

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Framlegg frå Halvor Fehn:

Rauland Fjellstyre ynskjer å ta opp som sak i FHas at dei tilsette skal få fullmakt og løyve frå alle fjellstyra til å skyte raudrev når dei tilsette likevel er på arbeid.

Styret er einige i dette.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre ynskjer å ta opp som sak i FHas at dei tilsette skal få fullmakt og løyve frå alle fjellstyra til å skyte raudrev når dei tilsette likevel er på arbeid.

